



Ål kommune

Arkivsak-dok. 18/00293-1
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Saksgang
Sektorutval for kultur og oppvekst
Formannskapet

UTGREIING BARNEHAGE- OG SKULESTRUKTUR

Saka vert avgjort av:

Formannskapet

Vedlegg:

Omstillingsprogram 2017, notat om framtidig barnehage- og skulestruktur

Dokument i saka:

Oppsummering av omstillingsprosjektet pr 15.08.2017

Saksopplysningar:

Ei arbeidsgruppe fekk som mandat i 2016 å «gå gjennom heile den kommunale drifta og regionale samarbeidstiltak for å sjå om det er område ein kan redusere eller omstille for å oppnå eit bærekraftig tenestenivå innafor dei økonomiske rammene som kommunen har til disposisjon». Kommunalsjefen for oppvekst fekk i oppgåve å levere eit notat om framtidig barnehage- og skulestruktur før 1. august, 2017. Sjå vedlegg.

I «Oppsummering av omstillingsprosjektet pr 15.08.2017. Løypemelding til kommunestyret», ber arbeidsgruppa i siste avsnitt, kulepunkt 1, om ei vidare utgreiing av barnehage- og skulestruktur.

Ei utgreiing av barnehage- og skulestruktur i Ål må vurdere både pedagogiske, økonomiske og samfunnsmessige perspektiv. Det er også viktig at dette utgreiingsarbeidet har eit langsiktig perspektiv. Kommunalsjefen foreslår ei mindre arbeidsgruppe til å styre utgreiingsarbeidet.

Arbeidsgruppe:

- Tone Tveito Eidnes, rådmann
- Mette Oleivsgard, styrar Torpo barnehage
- Ellen Bjerkhoel Ellingsgard, rektor Nedre-Ål skule
- Kolbjørn As, HTV, Utdanningsforbundet

- Eldgrim Springgard, kommunalsjef oppvekst og sekretær

I tillegg vil det bli henta inn hjelp frå andre kommunale avdelingar og eksterne fagmiljø. Det kan bli bruk for å kjøpe tenester.

Arbeidsgang i 2018:

1. Mars – april: Utarbeide eit høringsnotat.
2. Strategikonferanse for oppvekst, april: Temadrøfting med avdelingsleiarar og SUKO.
3. Mai - juni: Høringsperiode med informasjonsmøte.
4. Juli – august: Utgreiinga blir klargjort for politisk handsaming.
5. August: Sektorutvalet (SUKO) innstiller til kommunestyret.
6. Oktober: Kommunestyret gjer vedtak om framtidig barnehage- og skulestruktur.

Det blir ingen strukturelle endringar før tidlegast august 2019.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplan 2015-2027

Vurdering:

Notatet frå kommunalsjefen, sjå vedlegg, skisserer nokre alternativ men konkluderer ikkje. Viss dagens demografiske utvikling held fram, vil rammetilskotet bli redusert med ca. 10 millionar i 2020. Då blir det vanskeleg å finne rom til meir innsparing utan å endre på strukturen.

Administrasjonen ynskjer å involvere breitt i høringsperioden. Både tilsette, elevar, foreldre og andre skal ha høve til å kome med innspel.

Rådmannen si innstilling:

1. Formannskapet gir rådmannen i oppgåve å greie ut framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål kommune.
2. Utgreiinga skal vurdere både pedagogiske, økonomiske og samfunnsmessige perspektiv.
3. Formannskapet løyver inntil kr. 200.000 til eksternt konsulentkjøp.

Tone Tveito Eidnes
Rådmann

Eldgrim Springgard
kommunalsjef oppvekst